



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jan Vidar Voster, 5557 2034

Vår dato
18.11.2014
Dykkar dato
09.10.2014

Vår referanse
2014/12281 421.3
Dykkar referanse
14/6596

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Lindås kommune - offentleg ettersyn - Lindåsneset med Mongstad - kommunedelplan for massehandtering.

Vi syner til brev dagsett 09.10.2014 med uttalefrist 22.11.2014. Saka gjeld uttale til
kommunedelplan for massehandtering for Lindås kommune.

Det er i utgangspunktet sett ei målsetting om at mest mogleg av massane skal brukast til landbruksjord, med eit arbeidsmål på minimum 10 %. Fylkesmannen tykkjer 10 % er for lite. Dersom mest mogleg av massane skal brukast til landbruksjord, bør denne prosenten justerast monaleg opp.

Det går fram av kommunedelplanen at det for dei massane som skal nyttast til landbruksføremål, er viktig å finne eigna stader for faste deponi. Fylkesmannen er kritisk til denne løysninga. Jord bør ikkje plasserast i faste deponi. Då bør den heller komposterast slik at ho kan nyttast i grøntanlegg eller liknande. Dersom dette ikkje let seg gjere, kan det verte naudsynt å etablere eit anlegg for sortering og kompostering av jorda slik at ho kan nyttast andre stadar i kommunen. I tilfelle bør det vera fokus på handsaming av dei ulike massetypane i deponiet, slik at ulike massetypar vert skilt og såleis enkelt kan hentast ut att på eit seinare tidspunkt.

Korleis massane er sett saman er avgjerande for kva dei eventuelt kan nyttast til ved seinare høve og dermed kor dei bør flyttast. Det er ingen indikasjonar på at nokon av områda som det skal takast masse ut frå har vore utsett for forureining. Massane bør derfor kunne klassifiserast som reine. Fylkesmannen oppmodar kommunen til å krevje at massane vert sorterte. Røter og anna organisk materiale må til dømes takast ut og leverast til eigna mottak. Mengd må avklarast med fagleg kompetent instans.

Det er mogeleg at Lindås kommune kan ha bruk for eit slikt deponi for mellomlagring og vidareforedling av massar frå andre tiltak i kommunen også. Det bør likevel vere eit mål med planen at massar ikkje skal lagrast utan konkrete planar for seinare bruk.

Under arbeidet med rapporten har ikkje Multiconsult vore i kontakt med alle dei nemnde grunneigarane, og kor vidt dei faktisk vil ta i mot massar er uklårt. Det er og usikkert kor mykje massar desse områda kan ta imot. Det er svært usikre tall på massane frå dei undersøkte områda, frå om lag 1 740 000 m³ til 2 990 000 m³. I tillegg kjem område som ikkje har vore nærmare undersøkt, og som dermed kan romme ei ukjent mengd massar.

Sidan det ikkje er gjort undersøkingar i rapportarbeidet, må dette gjerast i planarbeidet. Planen må vise plassering. Elles er det vanskeleg å vurdere konsekvensane av planforslaget.

Det er forska lite på omdanning av myrjord til landbruksjord, men det er eit mål at ein undervegs i planarbeidet skal sjå nærmere på kva moglegheiter som finst og korleis ein kan nyttegjere seg denne jorda. Vi oppmodar kommunen til å ta kontakt med dei miljøa som har best kompetanse på dette, til dømes Bioforsk Fureneset.

Ut i frå eit klimaperspektiv og med tanke på kva som er mest praktisk, vil ein forsøka å finna plassar til massane nærmest mogleg uttaket. Det skal gjerast ei vurdering av transportavstand og trafikktryggleik for transport av massane. Fylkesmannen meiner at ein og må undersøke korleis tilkomsten til deponia er, og om det vert trong for ny eller forbetra tilkomstveg. Her kan det og takast med eventuelle omsyn til skuleveg osb. der det kan vere aktuelt med føresegner om køyretid ved skulestart/skuleslutt, dersom det er ei aktuell problemstilling her.

Det må i tillegg komme klart fram kva massar det er snakk om, og kor mykje. Det må og klar gjerast kor massane skal plasserast både for landbruksomsyn og deponi for mellomlagring og sortering/kompostering av massar. Materiale som vert sortert ut skal leverast til godkjent mot-tak, eller handterast i samsvar med gjeldande regelverk for gjeldande fraksjon. Til dømes røter og trestokkar som kan ligge i myra må takast ut.

Vi ønskjer elles lukke til med planarbeidet!

Med helsing

Rune Fjeld
ass. Fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.